


# PLAN FOR BIBLIOTEKTENESTENE 2011-2015

Fusa kommune





## Innleiing

Fusa kommune har no fått laga ein heilskapleg plan for dei lokale bibliotektenestene.

Planen tek for seg både tenestene som vert ytt gjennom folkebiblioteket og tenestene som vert gjevne av skulane ved skulebiblioteka. Planen viser også til samarbeidet som er med Fusa vidaregåande skule sitt skulebibliotek som ligg vegg i vegg med Fusa folkebibliotek.

Planen er på eit relativt overordna nivå. Tiltak og strategiar i bibliotekplanen må følgjast opp på handlingsplanet gjennom årsplanar, årsbudsjett og samarbeidsavtalar mellom aktørane.

Det er fleire årsaker til at det er naudsynt å laga ein slik plan. Fusa kommune treng å avklara kva som skal skje med bokbussdrifta. Endringar i bokbussdrift får fort konsekvensar for tilbodet til skular og barnehagar. I Fusa har skulane nytta bokbussen som skulebibliotek. Tek ein bort bokbussen må ein byggja opp gode skulebibliotek. Det er også prioritert frå Fusa ungdomsskule, som ikkje har hatt eit bokbusstilbod, å satsa på skulebibliotek og då vert samarbeidet med folkebiblioteket viktig.

Bibliotektenestene anno 2011 er ein viktig kunnskaps- og kulturformidlar i lokalsamfunnet. Biblioteket har også ein sentral plass og aktør i ei kommunal satsing på digitale media. Folkebiblioteket er lokalisert i Kommunetunet og er ein viktig møteplass i lokalsamfunnet. Med laurdagsope bibliotek vil det også styrkja sentrumsfunksjonen til Eikelandsosen.

Bibliotekplanen er ein freistnad på staka ut kursen for dette fagområdet og seia noko om korleis ein ønskjer å utvikla bibliotektenestene inn i framtida.

Eikelandsosen, 13. oktober 2011

Erik Vangsnes

Kulturleiar og fungerande biblioteksjef

# Bibliotektenestene i Fusa – innhald

1. Visjon
2. Planprosess og gjennomføring
3. Status
  - 3.1 Hovudbibliotek
  - 3.2 Bokbuss
  - 3.3 Skulebibliotek
  - 3.4 Formidling i institusjonar
  - 3.5 Samarbeid med skule/barnehage
  - 3.6 Kulturformidling
  - 3.7 Kompetanse
  - 3.8 Samarbeid med andre bibliotek
  - 3.9 Tilgjenge
  - 3.10 Samlingane
  - 3.11 Lokale/utstyr
4. Hovudfokus og mål
5. Struktur og organisering – strategiar og tiltak
  - 5.1 Mobile tenester
  - 5.2 Forpliktande samarbeid
  - 5.3 Skulebibliotek
  - 5.4 Hordalandsbiblioteket
  - 5.5 Interkommunalt samarbeid
6. Kompetanse – strategiar og tiltak
  - 6.1 Biblioteksjef
  - 6.2 Assistentressurs
  - 6.4 Nettverk for skulebibliotek
  - 6.5 Samarbeid interkommunalt
  - 6.5 Samarbeid med Fusa vidaregåande skule
  - 6.6 Kontinuerleg kompetanseheving
7. Innhald og tenester – strategiar og tiltak
  - 7.1 Fusa folkebibliotek
  - 7.2 Skulebibliotek

- 7.3 Formidling i barnehagar og skule
- 7.4 Formidling i helsestasjon
- 7.5 Formidling i institusjon og til særskilde grupper
- 7.6 Livslang læring
- 7.7 Kulturformidling
- 7.8 Nettbruk
- 7.9 Tilgang til folkebibliotek
- 7.10 Folkebiblioteket som møteplass for alle
- 7.11 Samlingar
- 7.12 Lokale/utstyr/universell utforming
- 7.13 Lokalhistorisk arkiv

## 8. Finansiering

Kjelder/relevante dokument

Vedlegg

## 1. Visjon

Kva skal ein visjon for bibliotek seia noko om? Visjonen må ikkje vera snever, men opna for mangfaldet i ei moderne bibliotekteneste. Bibliotek kan vera ein fysisk møteplass, men via sosiale medium kan det også vera eit digitalt møte.

Bibliotektenester handlar om mykje meir enn det som føregår i det fysiske biblioteklokalet. Det kan vera ein frivillig som les for deg på sjukeheimen eller høve til å få med ei bibliotekbok når du hentar barnet ditt i barnehagen. Når bibliotektenesta fungerer som ho skal er det både ein sosial møteplass i nærmiljøet og eit møte med den kompetente bibliotekaren.

Biblioteket er ei opa teneste og ei gratis teneste. Er du ny i kommunen som tilflyttar eller tilreisande er biblioteket eit godt orienteringspunkt til råd og rettleiing både i det geografiske rommet og den digitale verda.

Bibliotektenester er noko du kan nytta godt av i alle fasar av livet og uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn. Det er difor viktig å få fram at bibliotektenester er for *alle*.

Visjonen for Fusa folkebibliotek vert difor:

**Bibliotektenestene i Fusa kommune skal vera ein fysisk og digital møtestad, lærings- og kulturarena for alle.**

## 2. Planprosess og gjennomføring

Behovet for plan for skulebibliotek vart teke opp i Oppvekstplanen for Fusa kommune, som vart vedteken i 2010. Det er også eit prioritert tiltak i årsbudsjettet for 2011 å utarbeida ein heilskapleg biblioteksplan for Fusa.

Det er laga ein prosjektplan med prosjektorganisering av planarbeidet. Prosjektleder er kulturleder og fungerande biblioteksjef Erik Vangsnes.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe med desse medlemene:

Bibliotekar Margrethe Øhlander Ask

Rådgjevar Anne-Helen Helland

Prosjektleder Erik Vangsnes

Det er også etablert ei referansegruppe der desse er med:

Aktivitør Mildrid Aarvik (fagforum for helse og omsorg)

Dagleg leiar Fusa frivilligsentral Astrid Heidal (lag og organsiasjonar)

Ingrid Skaathun Rasmussen (brukarane)

Einingsleiar Gunn Sissel Teigen (stab og fellestenesta)

Førskulelærer Turid Skjelbreid Grimstvedt (fagforum for barnehage)

Lærer på barnetrinnet Svanhild Håland Riise (fagforum for skule)

Inspektør Arild Matland (Fusa ungdomsskule)

Bibliotekar Margrethe Øhlander Ask (dei tilsette i biblioteket)

Arnhild Nordtveit (Fusa vidaregåande skule)

Kulturleiar Erik Vangsnes (prosjektleiar)

Referansegruppa har hatt to møter i innleiande planarbeid og får eitt møte i avslutninga av planarbeidet før endeleg politisk behandling.

Styringsgruppe for planarbeidet har vore strategisk leiargruppe med rådmann Berit Fløisand og kommunalsjef Øyvind Haga.

### 3. Status

#### 3.1 Hovudbibliotek

Det er lovpålagd at alle kommunar skal ha ei bibliotekteneste. Folkebiblioteket er ei av dei eldste kommunale tenestene. Det har tidlegare vore filialar både i Sævareid, Holdhus og Strandvik. I 2011 er det hovedbibliotek og bokbuss att. Fusa folkebibliotek har lokale for hovudbibliotek i Kommunetunet i Eikelandsosen. Lokala var nye i 1996 og er bygd og innreidd for føremålet. Det er totalt 405 m<sup>2</sup> ekskl. fellesareal. Arealet er fordelt på to høgder.

Det er ei stilling i 80 % som bibliotekar ved hovudbiblioteket.

#### 3.2 Bokbuss

Fusa har hatt bokbussteneste sidan 1983. Noverande buss var ny hausten 1994, og vart i si tid kjøpt med statleg investeringstilskot. Den var interkommunal i samarbeid med Kvam i tida 1994-2008. Fram til 2000 var det statleg driftstilskot til drift av mobile einingar. Dette har gått inn i rammetilskotet.

Bussen har hatt ein arbeidsplass med ei 40 % stilling som kombinert sjåfør/bibliotekar.

Bokbussen har stått for ein stor del av utlånet ved Fusa folkebibliotek, særleg til barn og unge. Endringar i ruteopplegget og rutinane gjer at ein større del av utlånet i 2010 gjekk via hovudbiblioteket.

Utlån bibliotek	2009			2010		
	Barn	Vaksne	Totalt	Barn	Vaksne	Totalt
Hovudbibliotek	5015	6017	11032	7218	6057	13275
Bokbuss	10553	2178	12731	9292	1530	10822
Totalt	15068	8195	23763	16510	7587	24097

### 3.3 Skulebibliotek

Opplæringslova er seier at: Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek (Opplæringslova § 9-2 andre ledd). Forskrift til opplæringslova har utdjupa dette:

” Skolen skal ha **skulebibliotek** med mindre tilgangen til **skulebibliotek** er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen”. (§ 21-1. *Tilgang til skulebibliotek*)

Bibliotektilbodet i fusaskulane har blitt stetta gjennom samarbeid med folkebibliotek og særleg bokbuss. Det har ikkje blitt arbeidd systematisk med skulebibliotek i Fusa kommune i seinare år.

### 3.4 Formidling i institusjonar

Det har vore formidling av bibliotektenester gjennom bokbussen som har depotutlån på Eikhovda og Baldersheim helsetun. Det er også etablert ei ordning med leseombod, der frivillige les for andre med oppfølging frå folkebiblioteket som finn gode bøker. Det har også vore ei ordning der frivillige hjelper til med utlån av bøker ved Fusa bu- og behandlingssenter.

### 3.5 Samarbeid med barnehage/skule

I følgje biblioteklova skal det vera eit organisert samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek. I Fusa har ein hatt eit tett samarbeid mellom folkebiblioteket og



både skule og barnehage. Det har ikkje vore ein samarbeidsavtale som har regulert dette, men ein har hatt ein innarbeidd praksis.

### **3.6 Kulturformidling**

Biblioteket har vore arena for kulturformidling. I biblioteklokala har ein presentert teater for barn og stykke for vaksne, det har vore bokkaféar med forfattarar og filmkveldar.

Folkebiblioteket har også vore involvert i forfattarturnear og litteraturformidlingsprogram som har gått ut til skulane, i seinare år som ein del av tilbodet i Den kulturelle skulesekken.

### **3.7 Kompetanse** (lov og forskrift, nettbruk, informasjon)

I følgje Lov om folkebibliotek skal alle kommunar ha fagutdanna biblioteksjef.

### **3.8 Samarbeid med andre bibliotek**

Fusa har hatt eit samarbeid med andre kommunar om drift av bokbuss. Fusa har i periodar også hatt eit nettverkssamarbeid med andre kommunar. I 2010 vart det frå fylkesbiblioteket teke initiativ til å få gang eit interkommunalt samarbeid mellom Fusa, Samanger og Vaksdal.

I stadig fleire samanhengar er det eit vilkår for å få regional og statleg støtte til bibliotekprosjekt at det etablert forpliktande samarbeid mellom tre eller fleire kommunar.

### **3.9 Tilgjenge**

Fusa har i dag tre faste opningsdagar (tysdag, onsdag, torsdag) og ein laurdag i månaden. Til saman 18 timar per veke. Bokbussen køyrer tysdagar og onsdagar med 7,5 timar effektiv opningstid per veke. (Køyring kjem i tillegg).

Biblioteket har katalog over mediestamme tilgjengeleg over Internett. Her kan lånarane reservera bøker, fornya utlån og tinga bøker i eige bibliotek.

Fusa folkebibliotek tilbyr gratis tilgjenge til Internett i trådlaust nettverk på KommuneNet og lånar ut bærbar PC.

### **3.10 Samlingane**

Fusa folkebibliotek disponerer ved årsskiftet 2010 17.500 titlar. Bokbuss og hovudbibliotek har i dag ei felles mediestamme.

Biblioteket i Fusa har også ansvaret for ei stor fotosamling som er katalogisert i ein eigen base og gjort tilgjengeleg via Internett. Det er over 4.000 digitaliserte foto i samlinga. Det lokalhistoriske arkivet (Lokalhistorisk arkiv i Fusa – LAF) inneheld også ei dokumentsamling og ei lokalsamling.

I tillegg til eiga samling er Fusa del i eit nasjonalt biblioteksamarbeid der ein utvekslar media og der ein er forplikta til å stilla sine samlingar til disposisjon for andre. Samsøk i bibliotekdatabasen gjer det mogeleg å få innsyn i og låna frå andre sine samlingar. Dei siste åra er det etablert ei eiga transportordning mellom biblioteka. Den gjer det mogeleg å ha ein praksis der du kan låna t.d. i Austevoll og levera bøkene i Fusa utan kostnad for brukar.

### **3.11 Lokale/utstyr**

Fusa folkebibliotek investerte i noko nytt utstyr ved innflyttinga i Kommuneetnetet i 1996. Mykje av hyller og reolar er frå 1980-talet. Det same gjeld møblement til lesesal.

Det er pålagd å ha heis til andre høgda. Ein feil i prosjekteringa av bygget gjer det vanskeleg å montera inn trappeheis. Trappeheis vil gjera det mogeleg å tenka 2. høgda som eit fullverdig areal i biblioteket og opnar også for alternativ bruk av lesesal til møter og liknande.

## **4. Hovudfokus og mål**

Fusa folkebibliotek skal oppfylle ei rekkje mål, både lokale, regionale og nasjonale. Strategiar og tiltak for å nå desse måla følgjer under fokusområda i kapittel 5-7.

### **4.1 Lokale mål**

Ved oppstart av arbeidet med plan for bibliotektenestene i Fusa vart det formulert to mål for planarbeidet:

- Å laga eit planverktøy for å utvikla og samordna dei kommunale bibliotekenestene
- Å laga eit grunnlag for bibliotekenestene som ein arena for livslang læring, og eit senter for kultur- og kunnskapsformidling i lokalsamfunnet.

I oppvekstplanen for Fusa kommune "Å veksa opp i Fusa kommune - Fusa kommune sin oppvekstplan 2010-2020" vedteken i juni 2010 er det formulert fleire overordna mål som er relevante for ein samla biblioteksplan. Det heiter at Fusa kommune skal:

- Ha gode og trygge læringsmiljø og høg trivsel
- Ha høg fagleg kvalitet i opplæringa
- Ha tilpassa opplæringa slik at den enkelte opplever meistring og utvikling
- Vektleggja tverrfagleg samarbeid og samordna planar for å oppnå kvalitet og effektiv ressursbruk

Under hovudmålet at ein skal *ha "høg fagleg kvalitet i opplæringa"* er det i oppvekstplanen formulert eit delmål som går spesifikt på skulebibliotek:

- *Alle skuleelevar får eit fullverdig tilbod om skulebibliotek. (s 13)*

#### **4.2 Regionale mål**

Overordna mål i frå Fylkesdelplan for bibliotek i Hordaland 2007-2010:

- Hordalandsbiblioteket skal etablerast som eit samarbeid mellom alle biblioteka i Hordaland.
- Alle innbyggjarane i Hordaland skal møte bibliotekpersonale med brei og oppdatert kompetanse.
- Biblioteka skal tilby universelt tilgjengelege tenester og eit breitt spekter av innhald og medieformer. Tenestene skal tilpassast ulike brukargrupper ut frå regionale, lokale og institusjonelle prioriteringar.

#### **4.3 Nasjonale mål**

Stortingsmelding nr 23 (2008-2009) "Bibliotek: Kunnskapsallmenning, møtestad og

kulturarena i ei digital tid" stakar ut den nasjonale politikken for biblioteksområdet der det heiter:

Biblioteka er møtestader og arenaer som kan medverke til å nå regjeringa sine overordna mål for kultur- og kunnskapspolitikken. Bibliotek er med på å styrkje demokratiet og ytringsfridomen gjennom å

- sikre kunnskap og informasjon for alle
- formidle og forvalte norsk skriftkultur og litteratur
- formidle kunnskap om kultur og ulike samfunnstilhøve
- medverke til leselyst og lesedugleik
- gje tilgang til teknologi
- vere ein møtestad og sosial arena for mange ulike grupper

## 5. Struktur og organisering – strategiar og tiltak

### 5.1 Mobile tenester

Levetida til bokbussen, som vart bygd i 1994, går mot slutten. Lindås investerte i ny bokbuss i 2010 til ein kostnad på kr 1,7 mill. Det er ikkje statlege tilskotsordningar til nye investeringar i bokbuss per i dag. Ein ny buss må difor fullfinansierast over det kommunale investeringsbudsjettet.

Sidan bokbussen skrantar teknisk, må ein ta eit vegval om ein skal investera i ny buss eller sjå etter alternative løysingar til bokbussdrift. Bokbussen er i dag i drift to dagar per veke. Det er ikkje aktuelt å inngå eit samarbeid med nabokommunar om interkommunale løysingar.

#### 5.1.1 Nedlegging av bokbuss

Fusa kommune legg ned bokbussen frå 1. januar 2012

### 5.2 Forpliktande samarbeid

Lov om folkebibliotek § 6. slår fast at: "Det skal være et organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og de kommunale skolebiblioteka".

I Fusa har det vore eit slikt samarbeid over lang tid, der skulane har fått tenester gjennom bokbuss og/eller direkte frå hovudbiblioteket. Ved eit bortfall av bokbuss må dette samarbeidet skje på ein annan måte. Framleis vil det vera slik at

kompetansen og mykje av bibliotekressursane vil liggja til folkebiblioteket. Ein må då finna samarbeidsmåtar som gjer at skulane og barnehagane kan få hjelp til å yta skulebibliotektenester slik lova krev.

#### 5.2.1 Samarbeidsavtale

Alle dei kommunale grunnskulane skal inngå i ein forpliktande avtale med folkebiblioteket som regulerer innkjøp av media, arbeidsressurs i biblioteket, utveksling av tenester og organisering av samarbeidet.

### 5.3 Skulebibliotek

Skulane og oppvekstsentra har ansvar for drift og utvikling av skulebiblioteka. Einingsleiarane har det overordna ansvaret for skulebiblioteket på sin skule, men det er meir kostnadseffektivt å overlata den daglege oppfølging og drifta til ein bibliotekansvarleg assistent.

Det er ingen grunnskular i Fusa som i dag har fullgode og tenlege skulebibliotek. Skulane har ikkje digitaliserte katalogar og digitalisert utlån. Dei fleste skulane har tenlege rom til å hysa skulebibliotek, men det skortar ein del på utstyr.

Samlingane er mangelfulle både på skjønnlitteratur og fagsida. Det er også sett av for små ressursar til arbeid i skulebiblioteka. Det bør setjast av pengar for ei systematisk satsing på skulebibliotek. Det må løyvast pengar i investeringsbudsjettet for å oppgradera utstyr og lokale.

Folkebiblioteket vert eit viktig kompetansesenter for skulane. Det bør difor leggjast ein ressurs til folkebiblioteket som kan sikra ei bibliotekfagleg oppfølging av skulebiblioteka. Ei slik oppfølging kan gå på hjelp med drift av utlånssystem, samlingsutvikling, litteraturformidling til personale og/eller elevgrupper.

Ved ei omprioritering av ressursar som i dag er knytt opp mot bokbuss, vil det også vera mogeleg å setja av pengar til bokkjøp. Ei felles bokstamme som er tilgjengeleg frå folkebiblioteket, kan gje tilbod på spesielle tema, bøker på engelsk, klassesett m.m. Samtidig må skulane forplikta seg til å prioritera innkjøp til bøker og media til dagleg bruk og lesetrening. Det må også vera ein stor nok arbeidsressurs ved kvart enkelt skulebibliotek til dagleg drift av skulebiblioteket.

Det vil vera behov for kompetanseheving i personala, både i litteraturformidling og bibliotekteknisk arbeid. Folkebiblioteket har den bibliotekfaglege kompetansen til å syta for denne opplæringa og kan også vera ein rådgjevar i innkjøp av media, samlingsutvikling og investeringar i utstyr og lokale. For at det skal vera råd å yta desse tenestene til skulane, må minst 20 % av stillingsressursen knytt til bokbuss førast vidare til dette arbeidet.

#### 5.3.1 Koordinator skulebibliotek

Fusa folkebibliotek stiller til disposisjon ein koordinerande ressurs for skulebibliotek tilsvarande 20 % stilling

#### 5.3.2 Løft for drift av skulebibliotek

Alle kommunale grunnskular skal byggja opp og drifta fullverdige skulebibliotek.

#### 5.3.3 Investering i skulebibliotek

Fusa kommune skal prioritera løyvingar i investeringsbudsjettet til oppgradering av skulebibliotek i investeringsbudsjettet for 2012-2014.

#### 5.3.4 Fagleg nettverk for skulebibliotekansvarlege

Det skal etablerast eit fagleg nettverk for skulebiblioteksansvarleg med minst halvårlege møte der også biblioteksjefen møter og der Fusa vgs kan inviterast med.

### **5.4 Hordalandsbiblioteket**

Fusa er i dag med i den regionale transportordninga som blir organisert av fylkesbiblioteket. Dette er ein effektiv måte å få tilgang til og dela mediestammer med andre bibliotek. Det vert viktig for eit lite folkebibliotek å ta del i denne typen nettverk og ordningar, sjølv om det er eigendelar og kostnader med det.

5.4.1 Fusa folkebibliotek skal ta del i Hordalandsbiblioteket for utveksling av media.

### **5.5 Interkommunalt samarbeid**

Biblioteklova opnar for at ein kan finna interkommunale løysingar i drifta av folkebibliotek. Det er mogeleg å samarbeida om biblioteksjefstilling, andre

fagstillingar og teknisk samarbeid på biblioteksystem. Fusa har inngått eit samarbeid med Vaksdal og Samanger som eit bibliotekfagleg samarbeid som m.a. har resultert i prosjektet "Me vil også vera med" som gjev nye bibliotek- og kulturtilbod til menneske med psykisk utviklingshemming. Det er også aktuelt å samarbeida om utvikling av nettsider for bibliotek, forfattarturnear mm.

5.5.1 Fusa kommune skal ta del i interkommunalt samarbeid for å fremja bibliotekfagleg utvikling og betre tenester.

## 6. Kompetanse – strategiar og tiltak

### 6.1 Biblioteksjef

Kommunane er lovpålagde å ha fagutdanna biblioteksjef. Det har vore vanskeleg å rekruttera til desse stillingane i distriktet. Det er difor viktig at ein kan tilby ei 100 % stilling. I dag er det 80 % stilling som bibliotekar ved folkebiblioteket, og med nye 20 % som koordinator for skulebiblioteka, vil det ved framtidig utlysing vera mogeleg å søkja etter biblioteksjef i full stilling.

6.1.1 Fusa folkebibliotek skal ha 100 % stilling som biblioteksjef

### 6.2 Assistentressurs

Fusa folkebibliotek har over mange år hatt fleire delstillingar i biblioteket. Både for å få nok kapasitet, god fleksibilitet og eit fagmiljø er det viktig at det i tillegg til biblioteksjef er ein arbeidsressurs.

Ei eventuell nedlegging av bokbuss vil føra til mykje meirarbeid ved hovudbiblioteket. Laurdagsope bibliotek vil også krevja auka personalressursar. Kompetansemessig kan dette vera assistentstilling som kan vera delt på fleire. 20 % av stillingsressursen frå bokbuss bør nyttast til dette.

6.2.1 Fusa folkebibliotek skal ha ein supplerande assistentressurs tilsvarande minst 20 % stilling.

### **6.3 Skulebibliotekansvarlege**

Det er lite truleg at skulane kan rekruttera tilsette med formell bibliotekfagleg kompetanse til arbeid i skulebiblioteket.

6.3.1 Fusa kommune skal tilby intern opplæring av skulebibliotekansvarlege.

6.3.2 Fusa kommune skal arbeida for at det i regionen vert gjeve opplæring og kompetansehevande kurs av skulebibliotekansvarlege.

### **6.4 Samarbeid interkommunalt**

Det kan vera aktuelt å ha eit samarbeid med nabokommunar om t.d. vikartenester og kompetanseheving. Det kan også vera aktuelt å utveksla og samarbeida om tenester dersom det ligg til rette for det.

6.4.1 Fusa folkebibliotek skal vurdere samarbeid med nabokommunar om kompetansehevande tiltak.

### **6.5 Samarbeid med Fusa vgs**

Fusa kommune sel i dag ein 20 % ressurs som bibliotekar til Fusa vidaregåande skule. Ved ein stillingsauke for bibliotekar ved folkebiblioteket vil denne avtalen opphøyra. Det ligg likevel til rette for eit samarbeid om biblioteksdrift mellom fylke og kommune lokalt.

6.5.1 Fusa kommune skal samarbeida med Fusa vidaregåande skule om rekruttering, samlingsutvikling og kompetansehevande tiltak også i framtida.

### **6.6 Kontinuerleg kompetanseheving**

Det er avgjerande at kompetansen til dei bibliotektilsette i folkebiblioteket og dei med oppgåver i skulebiblioteket, uavhengig av eventuell fagutdanning, blir utvikla og fornya gjennom kompetansehevande tiltak.



6.6.1 Fusa kommune skal ha ein aktiv strategi for kontinuerleg kompetanseheving i bibliotektenestene både i skule- og folkebiblioteksektoren som blir konkretisert i årsplanar.

## **7. Innhald og tenester – strategiar og tiltak**

### **7.1 Fusa folkebibliotek**

#### 7.1.1 Fast lokale

Fusa folkebibliotek skal frå 1.1 2012 berre ha fast utlånsstasjon i Kommunetunet.

#### 7.1.2 Mobil formidling

Fusa folkebibliotek skal freista å inngå avtale med fylkesbiblioteket med bokbåt som eit supplement.

### **7.2 Skulebibliotek**

#### 7.2.1 IKT

Alle dei kommunale grunnskulane i Fusa skal ha digitalisert katalog og utlån i løpet 2014.

#### 7.2.2 Personale

Alle dei kommunale grunnskulane skal setja av ein stillingsressurs som ansvarleg for skulebiblioteket.

#### 7.2.3 Økonomi

Alle dei kommunale grunnskulane skal budsjettera med drift av skulebibliotek frå 2012.

### **7.3 Formidling i barnehagar og skular**

#### 7.3.1 Samarbeid om utvikling av Kulturturnisto

Folkebiblioteket skal saman med barnehagar og skular medverka til å styrkja kultur- og litteraturformidlinga i det målretta arbeidet med KulturNisto (DKS).

#### 7.3.2 Folkebiblioteket tilbyr bokkasser/depotbibliotek

Folkebiblioteket skal tilby bokkasser og depot til skular og barnehagar.

#### 7.3.3 Utlån i barnehagen

Prøveordninga med utlån til barn og foreldre gjennom barnehagen skal vidareførast.

#### 7.3.4 Formidling til foreldre og personale

Bibliotekaren på folkebiblioteket skal vera med på foreldre- og personalmøte for å formidla leseglede og litteratur.

### **7.4. Formidling i helsestasjon**

#### 7.4.1 Bibliotek på venterommet

Fusa folkebibliotek skal tilby eit utval av barnebøker for dei minste til venterom med info om bibliotek og verdien av høgtlesing.

#### 7.4.2 "Bibliotekbesøk i livets begynnelse"

Fusa folkebibliotek skal formidla invitasjon til å bruka biblioteket via helsestasjon og dela ut gratis bok til alle 3-åringar.

### **7.5. Formidling i institusjonar og til særskilde brukargrupper**

#### 7.5.1 Depotsamlingar

Institusjonar og bufelleskap skal få tilbod om å ha depotsamlingar av media, , og det skal vera eit samarbeid mellom folkebiblioteket og dei tilsette på institusjonar og bufelleskap for å styrkja formidlinga av litteratur og depotsamlingar.

### 7.5.2 Leseombod

Folkebiblioteket skal utvikla vidare ordninga med frivillige leseombod (som les for andre) i samarbeid med Fusa frivilligsentral og Fusa vidaregåande skule.

### 7.5.3 Den kulturelle spaserstokken

Folkebiblioteket skal vera aktivt med i utviklinga av eit kulturtilbod til eldre.

### 7.5.4 "Leser søker bok"

Folkebiblioteket skal vera med i ordninga "Leser søker bok", der Fusa kommune får spesielt tilrettelagd litteratur, og skal gjera denne litteraturen tilgjengeleg for dei aktuelle brukargruppene.

## **7.6. Livslang læring**

### 7.6.1 Fjernlån

Fusa folkebibliotek skal tilby gode tenester til skuleelevar og studentar ved universitet og høgskular.

### 7.6.2 Lesesal

Fusa folkebibliotek skal tilby ein tilrettelagd lesesal med gode arbeidsforhold.

## **7.7 Kulturformidling**

### 7.7.1 Arrangement

Fusa folkebibliotek skal ha eit variert tilbod av kulturformidling/arrangement i eigen regi og i samarbeid med andre.

### 7.7.2 Den kulturelle skulesekken (DKS)

Folkebiblioteket skal vera ein aktiv utviklar av litteraturformidling innan DKS.

## **7.8 Nettbruk**

### 7.8.1 Seniorsurf

Folkebiblioteket skal årleg skipa til seniorsurfdag i samarbeid med Fusa frivilligsentral.

#### 7.8.2 Hjelp til sjølvhjelp på nett

Folkebiblioteket skal så langt mogeleg gje rettleiing i enkel databruk.

#### 7.8.3 Digital tilgang

Fusa folkebibliotek skal ha eit godt tilbod for tilgang Internett og utlån av maskiner/pc.

### **7.9 Tilgang til folkebibliotek**

#### 7.9.1 Digitale tenester

Fusa folkebibliotek skal gje gode nettbaserte bibliotektenester og utvikla ei ny heimeside som portal i portal under Fusa kommune si heimeside med lansering i løpet våren 2012.

#### 7.9.2 Opningstider

Fusa folkebibliotek skal ha ope laurdagar og ein skal fortløpande vurdere opningstidene slik at dei er tilpassa publikum sitt behov.

#### 7.9.3 Tilgang utanom opningstider

Det skal vera lagd til rette for sjølvbetening utanom folkebiblioteket sine faste opningstider.

#### 7.9.4 Informasjon

Fusa folkebibliotek skal ha ein aktiv informasjonsstrategi for å vera ei synleg teneste i lokalmiljøet gjennom bruk av m.a. digitale media, egne trykksaker og lysingar

### **7.10 Folkebiblioteket som møteplass for alle**

#### 7.10.1 Utvikling av møteplassen

Fusa folkebibliotek skal utviklast som fleirkulturell og inkluderande møteplass i nærmiljøet i samarbeid med frivilligsentralen og lag og organisasjonar.

#### 7.10.2 Samarbeid med vaksenopplæringa

Det skal etablerast eit fast samarbeid med vaksenopplæringa.

### **7.11 Samlingane (utvikling, utfordringar)**

#### 7.11.1 Depotsamlingar for skular og barnehagar

Folkebiblioteket skal driva målretta innkjøp til depotsamlingar til bruk i skular og barnehagar.

#### 7.11.2 Utvikling av mediasamlinga

Folkebiblioteket skal styrkja innkjøp av AV-media (film, lydbøker), dataspel og fagbøker innan prioriterte fagområde.

#### 7.11.3 Framandspråklege media

Folkebiblioteket skal formidla depotbibliotek på framandspråk etter behov.

#### 7.11.4 Teknologiske utvikling

Fusa folkebibliotek skal ta del i den teknologiske utviklinga og tilby e-bøker og lesebrett.

#### 7.11.5 Katalogisering av kontorbibliotek

Det skal vurderast om ein skal katalogisera personal-/kontorbibliotek ved t.d. barnehagar, skular, PPUS og andre for felles bruk av media.

### **7.12 Lokale/utstyr/universell utforming**

#### 7.12.1 Universelt tilgjenge

Det skal installerast trappeheis til bibliotekslokala i 2. høgda i KommUNETUNET så sant dette bygningsteknisk let seg gjera.

Det må vurderast om ein kan få installert trappeheis til 2. høgda i KommUNETUNET.

#### 7.12.2 Fornyng av utstyr

Det må lagast ein plan for fornying av inventaret i folkebiblioteket der omsynet til universell utforming er ivareteken.

#### 7.12.3 Skilting

Det skal vera nødvendig skilting av tilkomst til biblioteket, både langs offentleg veg og ved Kommunetunet.

#### 7.12.4 Oppgradering av lokala

Fusa kommune skal prioritera løyving til oppgradering av biblioteklokala seinast i 2015.

### **7.13 Lokalhistorisk arkiv**

#### 7.13.1 Fotosamlinga

Det må vera opning for å ta vare på og sikra viktig lokalhistorisk fotomateriale.

#### 7.13.2 Dokumentsamlinga/lokalsamling

Dokumentsamlinga og lokalsamlinga skal gjerast tilgjengeleg for publikum

## **8. Finansiering**

Biblioteksplanen er tenkt realisert innanfor eksisterande driftsrammer. Det er ein føresetnad for gjennomføringa av planen at ressursar knytt til bokbuss vert vidareført til bibliotekføremål.

Personalressursen knytt til bokbuss er ein del av kulturleiarstillinga. Kulturleiar vert med den nye organiseringa av bibliotektilbodet frigjort til overordna leiing og kulturoppgåver. I budsjettet for 2011 er det tilført kr 175.000 for å få dette til. I praksis vert det desse pengane som er frigjort som ny personalressurs i denne planen.

I tillegg er det eit driftsbudsjett til bokbuss på kr 76.000 som vert frigjort frå 2012.

Ei omfordeling av bokbussbudsjett frå 2012 med totalt kr 251.000 kan prioriterast slik:

<b>Tiltak</b>	<b>Kostnad</b>
20 % Bibliotekassistent	75.000
20 % Koordinator skulebibliotek	100.000
Bokbåt	0
Felles innkjøp skule/barnehage	76.000
<b>Omdisponering i kulturbudsjettet totalt</b>	<b>251.000</b>

For å rusta opp skulebiblioteka med nødvendig utstyr, innbu og tilpassing av lokale trengst det ei årleg løyving over investeringsbudsjettet i åra 2012-2014. Det vil også vera nødvendig å setja av pengar til oppgradering av inventaret i hovudbiblioteket eit fjerde år i 2015 eller før.

	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Oppgradering av skulebiblioteka	200.000	200.000	200.000	
Oppgradering av folkebiblioteket				200.000

## Kjelder/ relevante dokument:

- Lov om folkebibliotek m. forskrifter og retningslinjer
- Opplæringslov
- Fylkesdelplan for bibliotektenestene i Hordaland
- St. Meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet
- Bibliotekreform 2014 - del 1 Tiltak og strategiar
- Bibliotekreform 2014 - del 2 Norgesbiblioteket
- St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek : Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid
- Å veksa opp i Fusa. Oppvekstplan for Fusa kommune 2010-2020
- Handlingsprogram med økonomiplan 2011-2014. Årsbudsjett 2011.



## Vedlegg:

### 1. Statistiske data

Utlånstal siste 10 åra med to utlånsstasjonar:

Utlån	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Bokbuss	11304	11855	13666	10842	12884	13368	14137	13467	12731	10822
Hovudbibl	6898	7620	8551	13344	8938	10036	11241	11720	11032	13275
	18202	19475	22217	24186	21822	23404	25378	24499	23763	24097

Utvalde tal frå Fusa:

	1982	1987	1996	2001	2005	2009
Utlån per barn			12	17,85	19,7	17,98
Utlån per vaksen			1,91	1,26	2,14	2,08
Utlån per innbyggjar	1,5	3,94	3,8	4,87	6,42	6,14
Totalt utlån	5.649	14.988	13.883	15.623	23.794	23.283

Statistikk frå 2009

	Fusa	Hordaland	Noreg
Utlån per innbyggjar	6,14	5,44	5,24
Utlån per barn	17,98	8,04	8,59
Utlån per vaksen	2,08	2,50	2,43
Medieutgifter per innbyggjar	42,12	30,38	29,72
Driftsutgifter per innbyggjar	237,90	286,48	274,90
Årsverk per 1000 innbyggjarar	0,29	0,34	0,37